Førsteblad

N. Husmorf.

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Vassbering

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ål

Emne:

Bygdelag: Söre Vokerdalen

Oppskr. av: Sigrid Kolstad

Gard:

(adresse): Ål

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vass-sele har vori (og er tildels) i bruk. Den låg over båe akslene og hadde ein utهola opning for halsen. Frå gamalt var bruka vidjer med trekrokar i endane av vass-selen, seinare vart det helst gamle jernlenker med jernkrokar. Å bera vatn i lagga trebytter vart det slutt med for 40-50 år sidan, då dei vanlege sinkbyttene kom i handelen.

2. Vass-sår med sårstong har vori brukt her slik som nemnt i spörjeskrivet. Såren tok 30-40 liter. Til å fylla den med brúka dei ausekolle (tok 8-9 l.), ein lagga trekopp med eit langt skaft. Til å döyva skvulpinga, la dei oppå vatnet ei treskive, rund eller fleirkanta etter som det hövde.

„Kippeband" er i bruk enno til å bera höybörer med i utlende.. I eine enden av beretoget er festa ein stav med skorer i. Når höyet er lagt på beretoget, smetter ein staven gjennom ei lykkje i andre enden av beretoget og dreg til. Toglykkja vert då hangande i ei av skorene i staven og böra er ferdig. Ein legg så staven over aksla, og

679

2)

rüslar avgarde med böra.

3. - Vass-ski har vori i brük. Den var som ei vanleg ski, men stütt, breid og sterk, (ca 150 cm. lang, 10-12 breid).

4. Vassberinga greidde (og greier) kona og borna. Berre i serhöve hjelpte dei vaksne karane til med dette.

5. Å bera vatn brükast enno, og vinterstid dreg dei ofte vatnet i ein holk på ein kjelke. Dette er serleg på små brük, og der vassvegen ikkje er altfor lang.

6. På större brük köyrer dei helst vatnet når det er vinter med vassnaud, så vegen vert lenger etter det enn vanleg. Sümarstid er büskapen i fjellet og syter for vatnet sjölve.

7. Etter ei oppgåve til formannskapet siste vinter er vatn innlagt i fjós og innehüs i omlag 50 % av dei 44 brüka her i krinsen. På dei andre brüka må altså vatnet hentast på dei måtane som er nemnt ovanfor.

Vötedalen h.m.l, Ål 4/8 1947.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

679